# Oppfølgingsliste 5/2016

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| 14/15 | FR – Tryggleik og beredskap – oppfølging av vedtak i FT-sak 7/14 | 25.3 | Januar 2017 | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 10. februar 2015 frå fylkesrådmannen til orientering<br>2. Kontrollutvalet ber om orientering om status i KU-møte 25. august 2015 for oppfølging av vedtaket i FT-sak 7/14.<br>3. Kontrollutvalet ber om ny oppfølgingsrapport innan 15. januar 2016.<br>Vedtaket sendt til frm med kopi til ass frm. 26.3.2015.<br>Sjå sak 38/15 pkt. 3<br>Orientert om i KU 260116 i KU-sak 10/16.<br>Bedt om utsetting til 31.12.16 |
| 43/15 | FR – Læringsmiljø og PP-tenesta - rapport | 01.10 | April – 2016<br>September 2016 | Vedtak:<br>1. Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av læringsmiljøet i vidaregåande skule vert teken til etterretning<br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp revisor sine tiltak i kapittel 7 i rapporten.<br>1. Fylkestinget ber fylkesrådmannen melde status på oppfølginga, og eventuell plan for vidare oppfølging, til kontrollutvalet innan 31. mars 2016.<br>FT handsama saka 13. oktober 2015 i FT-sak 30/15. KU si tilråding vart vedteken. Vedtaket vart sendt Frm. 15. okt.<br><br>Sjå sak 23/16 |
| 47/15 | Orientering og drøfting 3. november 2015 | 03.11 | | Vedtak:<br><br>1. Kontrollutvalsboka vert å sende til medlemmane elektronisk. Når oppdatert versjon vert klar frå departementet sendast trykt eksemplar av denne til medlemmane. |
| 2/16 | KU-Budsjett 2016 – Disp. av vedteken ramme | 26.1 | 1. tertial 2016 | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek disponering av budsjettramma 2016 til vitande<br>2. Kontrollutvalet ber sekretariatet om å fremje sak om justering av ramma på bakgrunn av auka kostnader til SF revisjon IKS 2016, og eventuelt endra kostnadsstruktur på det nye utvalet i samband med 1. tertial-rapportering 2016.<br>**AVSLUTTA** |
| 5/16 | FR – Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport – oppfølging av vedtak | 26.1 | August 2017 | Vedtak: |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 1. Kontrollutvalet tek brev frå fylkesrådmannen med oppfølging av tilrådingane til vitande.<br>2. Kontrollutvalet vurderer punkt 2, 4 og 5 til å vere oppfølgde<br>3. Kontrollutvalet ber om ny rapport når dei resterande punkta, 1a – 1f er ferdig oppfølgde seinast 30. juni 2017. |
| 7/16 | FR – Fylkesarkivet – oppfølging av vedtak | 26.1 | 15. august 2016 | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek brev frå fylkesrådmannen med oppfølging av vedtak i FT-sak 3/15 til vitande.<br>2. Kontrollutvalet ber om status i arbeidet med utarbeiding av vedtekter for kommunearkivordninga og i arbeidet med nye rutinar for systematiske risikovurderingar innan 15. august 2016. |
| 11/16 | Skriv, meldingar og orienteringar 3. mars 2016 | 03.03 | | Vedtak:<br>1. Orientering frå leiar og kontrollsjef<br>a. Orientering om gjennomført tilsyn av fylkesmannen om forvaltningskompetanse Firda vidaregåande skule. Kontrollutvalet får framlagd sak når oppfølginga frå fylkeskommunen er ferdig.<br><br>*Orienteringa vart teken til vitande.* |
| 15/16 | FR – Tryggleik og beredskap – oppfølging av vedtak i FT-sak 7/14 | 03.03 | 31.12.2016 | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 19. januar 2016 og orientering i kontrollutvalet 26. januar til vitande.<br>2. Frist for oppfølging av vedtaket i FT-sak 7/14 vert sett til 31. desember 2016<br>3. Kontrollutvalet ber om ny oppfølgingsrapport innan 31. desember 2016. |
| 20/16 | Skriv, meldingar og orienteringar 120416 | 12.04 | | Vedtak:<br>1. Orienteringar frå leiar og kontrollsjef<br>a. Revisjon av Delegeringsreglementet<br><br>*Kontrollutvalet ba sekretariatet om sak om delegeringsreglementet til neste møte*<br><br>b. Forslag til ny kommunelov<br><br>*Kontrollutvalet vil vurdere å gje høyring til lovutkastet*<br><br>d. Innkalling til representantskapsmøte og generalforsamlingar |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | i. *SF revisjon IKS, 22. april – Einar stiller*<br>ii. *Trivselshagen IKS, 27. april – ingen*<br>1. *Firda Billag AS 25. mai – Frank Willy*<br>**AVSLUTTA**<br>c. Status studietur Brussel<br><br>*Hotell er reservert. Programforsla er mottatt. Utvalet tykte programutkastet var godt. Viktig at programpostane er retta mot kontrollfunksjonen*<br><br>d. Orientering om endring av kostnader for kontrollutvalet<br><br>*Kontrollsjef orienterte om kostnader for kontrollutvalet. Dette vert sendt som innspel til tertialrapport. Kostnad for forvaltningsrevisjon av NDLA i regi av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune vert lagt inn i kostnadsauken. Orienteringa vart teken til vitande*<br>**AVSLUTTA**<br>e. Politikardagar i april og mai<br><br>Kontrollutvalet vedtok følgjande:<br>i. 18. april – kontrollutvalet stiller ikkje<br>ii. 12. mai – kontrollutvalet stiller ikkje<br>iii. 30. mai – kontrollutvalet stiller<br>**AVSLUTTA** |
| 23/16 | FR – Læringsmiljø og PP-tenesta – oppfølging av vedtak | 12.04 | September 2016 | Vedtak:<br>1. Notat frå fylkesrådmannen – oppfølging av vedtak, vert teken til vitande<br>2. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding om ny status for oppfølging av tilråding nr. 1 i rapporten frå Deloitte innan 1. september 2016. |
| 24/16 | Verksemdplan for kontrollutvalet 2016 - 2019 | 12.04 | FT 1904 | Vedtak:<br>Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:<br>1. Verksemdplan for kontrollutvalet 2016 – 2019 vert vedteken som framlagd.<br>**AVSLUTTA** |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 27/16 | Eigarposisjon i Fjord1 AS – Utbetalingane til Advokatfirmaet Wiersholm og DHT Corporate Services AS – Vurdering av avtale | 12.04 | | Vedtak:<br>1. Leiar får i samråd med kontrollsjef fullmakt til å bestille vurdering av avtalen mellom fylkeskommunen og Wiersholm/DH T av Deloitte AS . |
| 28/16 | Selskapskontroll 2016 – Eigaroppfølging Fjord1 | 27.04 | | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet vil undersøke om fylkeskommunen si eigarutøving av Fjord1 AS er i samsvar med lover, reglar og fylkeskommunen eine eigne føringar for eigarutøving.<br>2. Kontrollutvalet ber sekretariatet innhente ak tuelle dokument som referat, protokollar og innkallingar frå møtepunkt mellom fylkeskommunen og styret, eller deler av styret, i Fjord1 AS i 2016. Kontrollutvalet ber om innsyn i dei dokumenta styreleiar i Fjord1 AS la fram for fylkesutvalet 13. april.<br>3. Kontrollutvalet vil få gjennomført intervju med fylkesordførar, fylkesrådmann og styreleiar i F1 Holding AS i nær framtid for å få informasjon om fylkeskommunen si eigarutøving. I tillegg vil utvalet invitere styreleiar i Fjord1 AS til intervju om same tema. Utvalet går inn for at intervju skal gå føre seg 12. mai 2016.<br>4. Leiar i kontrollutvalet og eventuelt kontrollsjef vi vere til stades i fylkesutvalsmøte 4. mai under orientering og drøfting av rutinar om teieplikt.<br>5. Kontrollutvalet ber SF revisjon IKS om å vere delaktig i gjennomføringa av denne eigarskapskontrollen.<br>6. Kontrollutvalet har mål om handsaming av sak om eigarutøving i møte 31. mai 2016.<br>7. Kontrollutvalet vil gjennomføre undersøkingar i høve til påstandar om lekkasjar av dokument i tillegg til rutinar om å unnta dokument offentlegheit i samband med h endingar den seinare tid. Kontrollutvalet vil be fylkesrådmannen orientere utvalet om regelverk og rutinar i samband med å unnta dokument eller deler av dokument offentlegheit.<br>Sjå sak 35/16<br>**AVSLUTTA** |
| 29/16 | Desisjonssaka | 31.05 | | Tilråding til FT:<br>1. Rapport etter gjennomgang av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2015 vert teken til etterretning. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 2. Pkt. 3 i vedtaket i FU-sak 104/15 vert oppheva.<br>Tilrådinga frå kontrollutvalet vart vedteke av fylkestinget 14. juni 2016 i FT-sak 11/16. Vedtaket er lagt inn på sak 15/8520 (FU-sak 104/15)<br>**AVSLUTTA** |
| 30/16 | Skriv, meldingar og orienteringar 31. mai 2016 | 31.05 | | Vedtak:<br>1. Status forvaltningsrevisjon v/Deloitte AS<br>a. Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane<br>*Deloitte orienterte om status for prosjektet. Deloitte varsler at det vert vanskeleg å rekke ferdigdato 1. september, og ba om utsett frist til 12. september. Dette vart aksepte rt. Intervju vert sett i gang i nær framtid. Orienteringa vart teken til vitande.*<br>**AVSLUTTA**<br>2. Orienteringar v/fylkesrådmannen<br>a. Rutinar ved handsaming av dokument unntatt offentleg<br>*Fylkesrådmannen v/Hågård og Nornes orienterte om regelverk og rutinar rundt handsaming av dokument unntatt offentleg. Etter ein diskusjon i utvalet vart orienteringa teken til vitande.*<br>**AVSLUTTA**<br>3. Informasjon frå N KRF<br>a. eIN FO 16/3 – Forvaltningsloven § 13a<br>*Informasjonen vart teken til orientering.*<br>**AVSLUTTA**<br>4. Orientering frå leiar og kontrollsjef<br>a. Leiar i utvalet orienterte om diskusjon i fylkesutvalet om dokument unntatt offentleg.<br>**AVSLUTTA**<br>b. Høyring til kommunelova til neste møte i kontrollutvalet. Sendast vidare til FKT og mogelegvis til fylkestinget.<br>c. Kontrollutvalet ba om å få nytt Delegeringsreglement til orientering i neste ordinære møte.<br>d. Tertialrapport 1/2016 – orientering<br>**AVSLUTTA**<br>e. Status studietur Brussel. Tentativt program er sendt tilbake med små justeringsforslag. Kontrollsjef bestiller flyreise Oslo – Brussel. Det enkelte kontrollutvalsmedlem ordner med reise til/frå Oslo.<br>*Orienteringane vart tekne til vitande.* |
| 31/16 | FR – Vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg – rapport | 31.05 | Januar 2017 | Tilråding til FT:<br>1. Rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av vedlikehald og |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | inneklima i fylkeskommunale bygg vert teken til etterretning.<br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å:<br>a. Sikre at internkontrollsystemet til fylkeskommunen er i samsvar med krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular (§4), og at ansvar og oppgåver i medhald av forskrifta blir tydeleggjort.<br>b. Sikre at det alltid blir fatta enkeltvedtak i samsvar med reglane i forvaltningslova, i saker der elevar eller foreldre, eller eit av råda eller utvala ved skulen der desse er representerte, ber om tiltak knytt til fysiske miljøtilhøve (jf. opplæringslova. § 9a-2, 4. ledd)<br>c. Sikre at det blir etablert eit meir einsarta og formalisert avvikssystem i samband med problemstillingar knytt til vedlikehald og inneklima.<br>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere dei øvrige anbefalingane i rapporten ut frå eit kost/nytte-perspektiv.<br>4. 4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga av forvaltningsrevisjonen og status for vidare arbeid innan utgangen av 2016.<br>Fylkestinget vedtok tilrådinga i FT-sak 12/16. Vedtaket vart sendt fylkesrådmannen med kopi til bygge- og eigedomssjef 16. juni. |
| 32/16 | Årsmelding kontrollutvalet | 31.05 | | Vedtak:<br>1. Årsmelding 2015 for kontrollutvalet vert godkjent slik den ligg føre.<br>**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak**:<br>1. Årsmelding 2015 for kontrollutvalet vert teken til orientering.<br>Fylkestinget tok årsmeldinga til orientering i FT-sak 13/16. Årsmeldinga vart ietterkant av fylkestinget lagt ut på heimesida til fylkeskommunen.<br>**AVSLUTTA** |
| 33/16 | Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2015 | 31.05 | | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2015 for Sogn og Fjordane fylkeskommune slik den ligg føre<br>Uttalen vart etter møtet sendt til administrasjonen for å få uttalen med i rekneskapssaka til fylkestinget og kopi til FU-handsaminga av rekneskapen. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | **AVSLUTTA** |
| 34/16 | Oppfølgingsliste 4-2016 | 31.05 | | Vedtak:<br>1. Oppfølgingsliste 4-2016 vert teken til vitande.<br>**AVSLUTTA** |
| 35/16 | Selskapskontroll 2016 – Eigarskapskontroll Fjord1 | 06.06 | November 2016 | Tilråding til fylkestinget:<br>1. Notat etter gjennomført kontroll av eigaroppfølging Fjord1 vert teke til orientering.<br>2. Fylkestinget meiner at den reelle utøvinga av eigarskap og kommunikasjon mellom fylkeskommunen, F1 Holding AS og Fjord1 AS ikkje er i samsvar med den vedtekne organiseringa, og ber fylkesutvalet vurdere om fylkesordføraren bør veljast som eigarrepresentant i F1 Holding AS.<br>3. Fylkestinget meiner at direkte påverknad av styremedlemar i Fjord1 ikkje er i samsvar med den vedtekne eigarmeldinga. Fylkestinget ber fylkesrådmannen utgreie konkrete retningsliner for eigarutøving mellom generalforsamlingar, og at dette vert vurdert i samband med handsaming av eigarmeldinga.<br>4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge til rette for opplæring og styrka kompetanse for eigarrepresentantar i fylkeskommunale selskap.<br>5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere rutinane for handsaming av dokument og informasjon som er unnateke offentleg. Ein ber også om at det vert gjeve tilstrekkeleg opplæring til fylkespolitikarane om offentleglova og teieplikt.<br>Fylkestinget vedtok tilrådinga 14. juni 2016 i FT-sak 29/16. Vedtaket vart sendt fylkesrådmannen 17. juni. |

Oppdatert 30.06.2016